



Delårsrapport for 1. kvartal 2025



Kvartalsrapport for 1K 2025

Rekneskapsprinsipp

Valle Sparebank nyttar IFRS 9 som rekneskapsstandard. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Forretningskapitalen (inkl. portefølje i Eika Boligkreditt) er ved utgangen av 1. kvartal 3.376 mill. kroner. Dette er ein auke på 301 mill. kroner, eller 9,8 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Forvaltningskapitalen er 2.401 mill. kroner som er ein auke på 107 siste 12 månadar.

Utlån

Total utlånsportefølje er ved utgangen av 1. kvartal 2.822 mill. kroner, som er ein auke på 176,5 mill. kroner eller 6,7 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Sidan nyttår er auken 89,5 mill. kroner eller 3,3 %. Overføringsgraden til EBK utgjør 36 % av samla utlån til personmarknaden.

Brutto utlån i eigen balanse er pr. 31.03.25 på 1.852 mill. kroner, som er ein nedgang på 17,8 mill. kroner siste 12 månadar. Banken har ved utgangen av 1. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 975 mill. kroner, ein auke på 194 mill. kroner siste 12 månadar. Sidan nyttår er det ein auke på 101 mill. kroner..

Innskot

Innskot frå kundar er ved utgangen av 1. kvartal på 1.875,3 mill. kroner, som er ein auke på 80 mill. kroner, eller 4,5 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 100,3 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstal 95,1 %. Det har vore ein auke i innskot på 45,7 mill. kroner sidan 31.12.24.

Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 31.03.25 er på 16 mill. kroner, som er 1 mill. kroner høgare enn på same tid i fjor. Rentenettoen utgjør 2,77 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 2,63 % på same tidspunkt i fjor. Netto provisjonsinntekter utgjør 3,28 mill. kroner mot 2,98 på same tid i fjor.

Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument er negativ med 1,7 mill. kroner ved utgangen av første kvartal. Utviklinga skuldast rekneskapsmessig behandling av avkastningseigedelar i fond, der rente-inntekter på 2,5 mill. kroner inntektsførast samtidig som kursane på fonda justerast. Nettoeffekten er dermed positiv.

Driftskostnader utgjør 9,6 mill. kroner, som er ein auke på 0,4 mill. kroner i forhold til same periode i fjor. Av dette er

5,2 mill. kroner løn og andre personalkostnader mot 4,7 mill. kroner for same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 8,17 mill. kroner, mot eit overskot på 8,27 mill. kroner på same tid i fjor. Resultat av ordinær drift etter skatt viser eit overskot på 6,3 mill. kroner mot 6,5 mill. kroner på same tid i fjor. Etter ei positiv verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 0,2 mill. kroner, viser totalresultatet eit overskot på 6,5 mill. kroner. Til samanlikning viste totalresultatet eit overskot på 5,7 mill. kroner på same tid i fjor.

Kredittap

Det er inntektsført kr 181.000 i kredittap på utlån og garantiar. I fjor på same tid var det ei inntektsføring på kr 394.000.

Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 319,2 mill. kroner ved utgangen av 1. kvartal. Dette gjev ei kapitaldekning på 27,52 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 23,17 %.

Utsikter for resten av året

For Valle Sparebank har året starta bra, og me held fram med å levere gode resultat. Normalt er fyrste kvartal ein periode med noko lågare aktivitet, men 2025 har starta veldig bra. Valle Sparebank har i fyrste kvartal hatt ein god utlånsvekst, og innskotsveksten har òg vore betre enn fyrste kvartal i fjor. Rentenivået bidreg framleis til gode inntekter, og me ser i fyrste kvartal at òg provisjonsinntektene er høgare enn i 2024.

Det er framleis knytt stor usikkerheit rundt den økonomiske situasjonen i verda, dette er både knytt til pågåande krigar samt usikkerheit rundt tollsatsar mellom forskjellige land. Desse usikkerheitene har òg betydning for norsk økonomi, men Valle Sparebank har hittil i år vore lite påverka av dette.

Norges Banks komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet vedtok i møtet 26. mars å halde styringsrenta uendra på 4,5 prosent. Det er framleis usikkerheit knytt til den vidare økonomiske utviklinga, men komiteen forventar at styringsrenta vil bli sett ned i løpet av 2025.

Styret er godt nøgd med resultatet per 1. kvartal, underliggjande drift er i tråd med styret sine forventningar, og styret forventar at utviklinga i resten av 2025 fører til eit tilfredsstillande resultat for banken.

Valle, 15. mai 2025

I styret for Valle Sparebank

(signert med BankID)

Anne Gjerden
(styreleiar)

Knut Inge Hovet
(nestleiar)

Elisabeth B. Spockeli

Kent M. Lund

Tor Arild Rysstad
(tilsettere representant)

Elisabeth Slettedal
(adm.banksjef)



Resultat og balanseoppstilling

Resultat		1. kvartal	1. kvartal	Året
Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Note	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Renteinntekter fra egedelar vurdert til amortisert kost		28.192	27.908	114.850
Renteinntekter fra øvrige egedelar		5.077	4.138	12.211
Rentekostnader og liknande kostnader		17.225	17.008	68.591
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		16.044	15.039	58.471
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		3.760	3.371	13.837
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester		477	393	1.781
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		146	0	2.160
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	6	-1.752	-578	1.047
Andre driftsinntekter		67	46	193
Netto andre driftsinntekter		1.745	2.445	15.455
Løn og andre personalkostnader		5.162	4.747	18.717
Andre driftskostnader		4.115	4.212	18.630
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egedelar		344	255	1.054
Sum driftskostnader		9.621	9.214	38.401
Resultat før tap		8.167	8.270	35.525
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	4	-181	-394	183
Resultat før skatt		8.348	8.664	35.341
Skattekostnad		2.050	2.166	8.629
Resultat av ordinær drift etter skatt		6.298	6.498	26.712
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>				
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi	6	200	-819	0
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		200	-819	0
Totalresultat		6.498	5.679	26.712

Balanse - Egedelar		31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Tal i tusen kroner	Note			
Kontantar og kontantekvivalentar		24.919	24.084	25.401
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		153.931	42.268	93.444
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	2, 3, 4	1.847.062	1.864.670	1.858.594
Renteberande verdipapir	6	204.471	216.343	204.421
Finansielle derivat		0	0	0
Aksjar, andelar og andre egenkapitalinstrument	6	145.934	127.973	142.931
Varige driftsmidlar		21.055	13.335	16.504
Andre egedelar		3.311	4.794	2.155
Sum egedelar		2.400.683	2.293.466	2.343.449
<i>Balanse - Gjeld og eigenkapital</i>				
Tal i tusen kroner	Note	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Innlån fra kredittinstitusjonar		105.686	140.829	105.543
Innskott frå kundar		1.857.330	1.777.247	1.811.615
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7	85.264	50.174	85.276
Anna gjeld		15.005	10.757	5.123
Forpliktelser ved skatt		3.983	4.370	8.954
Andre avsetningar		187	100	193
Sum gjeld		2.067.456	1.983.476	2.016.705
Opptent egenkapital		326.930	303.492	326.745
Periodens resultat etter skatt		6.298	6.498	0
Sum eigenkapital		333.228	309.990	326.745
Sum gjeld og eigenkapital		2.400.683	2.293.466	2.343.449

Eigenkapitaloppstilling

Tal i tusen kroner	Fond for urealiserte			Sum egenkapital
	Sparebankens fond	Gåvefond	gevinstar	
Eigenkapital 31.12.2024	292.730	6.299	27.716	326.745
Resultat av ordinær drift etter skatt	6.298			6.298
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			200	200
Totalresultat 31.03.2025	6.298	0	200	6.498
Utbetaling av gåver		-16		-16
Andre egenkapitaltransaksjonar				0
Eigenkapital 31.03.2025	299.028	6.283	27.916	333.227
Eigenkapital 01.01.2024	267.966	5.875	30.470	304.311
Resultat av ordinær drift etter skatt	6.498			6.498
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			-819	-819
Totalresultat 31.03.2024	6.498	0	-819	5.679
Utbetaling av gåver				0
Andre egenkapitaltransaksjonar				0
Eigenkapital 31.03.2024	274.464	5.875	29.651	309.990

Nøkkeltal

	1. kvartal	1. kvartal	Året
Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	2025	2024	2024
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (ekskl. VP)	49,61 %	51,01 %	54,30 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl. VP)	17,28 %	16,74 %	17,32 %
Innskotsmargin hittil i år	1,39 %	1,58 %	1,62 %
Utlånsmargin hittil i år	1,32 %	1,14 %	1,20 %
Netto rentemargin hittil i år	2,77 %	2,63 %	2,52 %
Eigenkapitalavkastning ¹	8,01 %	7,44 %	8,47 %
¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	6,79 %	8,12 %	6,92 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	36,10 %	31,32 %	33,51 %
Innskotsdekning	100,29 %	95,05 %	97,20 %
Innskotsvekst (12 mnd)	4,51 %	3,26 %	0,79 %
Utlånsvekst (12 mnd)	-0,95 %	4,60 %	0,27 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	6,56 %	3,34 %	3,57 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	2.353.935	2.295.449	2.310.634
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.269.568	3.073.757	3.128.391
Nedskrivningar på utlån og misleghald			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	-0,04 %	-0,08 %	0,01 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,27 %	0,28 %	0,28 %
Nøkkeltal er annualisert der annet ikkje er spesifisert	2025	2024	2024
Soliditet¹			
Rein kjernekapitaldekning	22,33 %	21,74 %	23,34 %
Kjernekapitaldekning	22,69 %	22,13 %	23,71 %
Kapitaldekning	23,17 %	22,65 %	24,21 %
Uvekta kjernekapitalandel	9,49 %	9,04 %	9,60 %
¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	495	222	223
NSFR	148	142	146

Noter til rekneskapen

Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønnsmessige vurderingar

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen pr. 31.03.2025 er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkingar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2024.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar. Estimater og skjønnsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskriving vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, her under sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbunde med usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittrisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de er avdekka objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadssdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarende instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjønn, blant anna ved vurdering av kredittrisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

Note 2 – Kredittforringa engasjement

Misleghald over 90 dagar	1. kvartal 2025	1. kvartal 2024	Året 2024
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	6.555	2.141	0
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	0	6	0
Nedskrivningar i steg 3	-182	-322	0
Netto misleghaldne engasjement	6.373	1.825	0

Andre kredittforringa	1. kvartal 2025	1. kvartal 2024	Året 2024
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	5.151	2.139	5.449
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	2.992	3.125	3.135
Nedskrivningar i steg 3	-2.677	-2.447	-2.818
Netto andre kredittforringa engasjement	5.466	2.817	5.766

Note 3 – Fordeling utlån kunders**Utlån til kunder fordelt på sektor og næring**

	1. kvartal 2025	1. kvartal 2024	Året 2024
Primærnæringer	15.221	14.136	14.709
Industri og bergverk	7.234	8.344	7.772
Kraftforsyning	1.962	2.085	1.994
Bygg og anleggsverksemd	43.938	47.588	46.069
Varehandel	11.589	12.479	11.931
Transport	1	0	1
Overnattings- og serveringsvirksomd	4.290	4.904	4.382
Informasjon og kommunikasjon	1	0	1
Omsetning og drift av fast eiendom	35.765	49.921	36.007
Tenesteytande virksomd	5.801	12.295	6.131
Sum næring	125.802	151.752	128.997
Personkunder	1.726.229	1.718.104	1.734.740
Brutto utlån	1.852.031	1.869.856	1.863.737
Steg 1 nedskrivningar	-850	-1.026	-803
Steg 2 nedskrivningar	-1.261	-1.393	-1.524
Steg 3 nedskrivningar	-2.859	-2.768	-2.816
Netto utlån til kunder	1.847.062	1.864.669	1.858.594
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	975.310	781.189	874.274
Totale utlån inkl. porteføljn i EBK	2.822.372	2.645.858	2.732.868

Note 4 – Nedskrivningar og tap

Bankens utlån til kunder, unytta kredittar og garantiar er gruppert i tre steg, fordelingen mellom stega gjerast for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferdning av nye utlån, unytta kredittar og garantiar
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar

- Auke eller reduksjon i nedskrivingar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.
- Netto endring visar endring i tap eller engasjement som følgje av innbetalinger/auke av saldo der lån ikkje har skifta steg

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	563	1.116	2.236	3.915
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	79	-79	0	0
Overføringer til steg 2	-28	66	-38	0
Overføringer til steg 3	0	-56	56	0
Netto endring	-202	94	51	-57
Endringar som følge av nye eller auka utlån	39	59	0	98
Utlån som er frårekna i perioden	-12	-103	0	-115
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivingar personmarknaden pr. 31.03.2025	439	1.097	2.305	3.841

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2025	1.571.716	157.575	5.449	1.734.740
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	24.255	-24.255	0	0
Overføringer til steg 2	-35.454	36.987	-1.532	0
Overføringer til steg 3	0	-7.949	7.949	0
Netto endring	-12.219	-6.355	-156	-18.729
Nye utlån utbetalt	153.648	6.474	0	160.122
Utlån som er frårekna i perioden	-125.893	-24.011	0	-149.904
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.03.2025	1.576.052	138.467	11.710	1.726.229

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	240	408	580	1.228
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	57	-57	0	0
Overføringer til steg 2	-1	1	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	109	-115	-26	-33
Endringar som følge av nye eller auka utlån	11	0	0	11
Utlån som er frårekna i perioden	-4	-73	0	-77
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivingar bedriftsmarknaden pr. 31.03.2025	411	164	554	1.129

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2025	101.106	24.798	3.093	128.997
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	6.844	-6.844	0	0
Overføringer til steg 2	-504	504	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-380	-801	-86	-1.268
Nye utlån utbetalt	9.620	0	0	9.620
Utlån som er frårekna i perioden	-2.449	-9.099	0	-11.547
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.03.2025	114.237	8.558	3.007	125.802

31.03.2025

Nedskrivningar på unytta kredittar og garantiar

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2025	51	140	2	193
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	3	-3	0	0
Overføringer til steg 2	0	0	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-5	-5	-2	-12
Endringar som følge av nye ellerauka unytta kredittar og garantiar	6	0	0	6
Nedskrivningar på unytta kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivningar pr. 31.03.2025	55	132	0	187

31.03.2025

Unytta kredittar og garantiar

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2025	60.733	5.308	42	66.083
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	560	-560	0	0
Overføringer til steg 2	-769	769	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-1.064	6.645	-42	5.538
Nye/endra unytta kredittar og garantiar	6.670	0	0	6.670
Engasjement som er frårekna i perioden	-132	-11	0	-143
Brutto engasjement pr. 31.03.2025	65.998	12.150	0	78.148

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Endring i perioden i steg 3 på utlån	88	-426	
Endring i perioden i steg 3 på garantiar	-2	-1	
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	-222	33	
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er foretatt nedskrivningar i steg 3			
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er foretatt nedskrivningar i steg 3			
Periodens inngang på tidlegare perioders nedskrivningar	-45	0	
Tapskostnader i perioden	-181	-394	0

Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider ikkje rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Etter banken si vurdering er det ikkje vesentlege skilnadar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknaden til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsmasjon.

Note 6 - Verdipapir

31.03.2025				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet	-	204.471	-	204.471
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet	-	48.157	-	48.157
Aksja til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	-	-	97.777	97.777
Sum	-	252.628	97.777	350.405

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngåande balanse 01.01	95.381	-
Realisert gevinst/tap	-	-
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet	-	-
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat	200	-
Investering	2.196	-
Sal	-	-
Utgåande balanse	97.777	-

Verkeleg verdimålingar og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå angir nivået på verdsettingsmetoden som er brukt for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut frå kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.

Nivå 3 er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verdivurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verdivurderinga blir vurdert opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs, og teke omsyn til bankens egne vurderingar av hendingar fram til balansedagen.

Note 7 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	31.03.2025	Bokført verdi 31.03.2024	31.12.2024	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0013005298	01.09.2023	01.09.2026	50.000	50.178	50.174	50.187	3m Nibor + 120 bp
NO0013333476	11.09.2024	11.03.2027	35.000	35.087	0	35.089	3m Nibor + 66 bp
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				85.264	50.174	85.276	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2024	Emittert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse 31.03.2025
Obligasjonsgjeld	85.276			-12	85.264
Sum gjeld stifta ved utferding verdipapir	85.276	0	0	-12	85.264
Ansvarlege lån	0				0
Sum ansvarleg lån	0	0	0	0	0

Note 8 – Kapitaldekning

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Morbank			
Sparebankens fond	292.730	267.966	292.730
Gåvefond	6.283	5.874	6.298
Fond for urealiserte gevinstar	27.716	30.470	0
Sum egenkapital	326.730	304.310	326.745
Utbytte og gaver	-850	-1.100	-850
Frådrag for forsvarleg verdsetting	-350	-344	-347
Frådrag i rein kjernekapital	-6.353	-70.598	-5.068
Rein kjernekapital	319.176	232.268	320.480
Fondsobligasjonar	0	0	0
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	319.176	232.268	320.480
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	0	0	0
Netto ansvarleg kapital	319.176	232.268	320.480
	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Eksponeeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndigheit	11.476	14.326	11.472
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	7.761	5.438	6.161
Føretak	12.146	18.587	13.228
Massemarknad	0	0	0
Pantsikkerheit eigedom	798.973	755.408	763.246
Forfalte engasjement	13.249	5.509	6.584
Høgrisiko engasjement	0	9.244	0
Obligasjonar med førertrinnsrett	18.279	8.146	17.097
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	28.145	7.614	17.784
Andelar verdipapirfond	9.333	6.350	8.432
Eigenkapitalposisjonar	94.445	30.307	94.514
Øvrige engasjement	46.363	36.524	36.282
CVA-tillegg	0	0	0
Sum utrekningsgrunnlag for kredittrisiko	1.040.167	897.453	974.799
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	119.739	102.161	119.739
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	1.159.906	999.614	1.094.538
Kapitaldekning i %	27,52 %	23,24 %	29,28 %
Kjernekapitaldekning	27,52 %	23,24 %	29,28 %
Rein kjernekapitaldekning i %	27,52 %	23,24 %	29,28 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	12,34 %	10,19 %	12,90 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Banken rapporterer kapitaldekning konsolidert med eigardel i samarbeidsgrupper.
Banken har ein eigardel på 0,49 % i Eika Gruppen AS og på 0,8 % i Eika Boligkreditt AS.

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Rein kjernekapital	319.004	292.032	319.512
Kjernekapital	324.094	297.199	324.602
Ansvarleg kapital	330.950	304.160	331.457
Utrekningsgrunnlag	1.428.571	1.342.999	1.368.860
Kapitaldekning i %	23,17 %	22,65 %	24,21 %
Kjernekapitaldekning	22,69 %	22,13 %	23,71 %
Rein kjernekapitaldekning i %	22,33 %	21,74 %	23,34 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	9,49 %	9,04 %	9,60 %